



# Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 18.09.2023  
**Møtestad:** Alver rådhus, kantina  
**Møtetid:** 12:00 - 15:50

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Reidar Knutsen	SAFO	Medlem
Svein Arne Vabø	SAFO	Medlem
Liv Erstad	FFO	Medlem
Magne Bjørndal	FFO	Utvalseiar
Bente Orlen Westervik	FFO	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Jan Arild Lindaas	SAFO	Medlem
Jannicke Helland	FFO	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Ann Cecilie Binder	SAFO	Jan Arild Lindaas
Erling Jacobsen	FFO	Jannicke Helland

---

## Følgjande frå administrasjonen møte:

Eva Mikkelsen-rådgjevar Helse og omsorg, Helge Kvam-fagansvarleg Helse og omsorg, Ingrid Raniseth-rådgjevar Plan og byggesak, Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg, Trond Engelsen-ingeniør Bygg, areal og grønt, Nora Gjerde-politisk sekretariat.

---

## Sakliste

---

Saknr	Tittel
-------	--------

028/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
--------	---------------------------------------

- 029/23 Godkjenning av møteprotokoll
- 030/23 Offentleg ettersyn og høyring - Detaljregulering for Manger
- 031/23 Tenesteanalyse for personer med utviklingshemming
- 032/23 Utleigebustader med tilvisingsavtale i Alver kommune
- 033/23 Meldingar / orienteringar til RMNF - 18.09.2023
- 034/23 Eventuelt

### **028/23: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 18.09.2023:**

#### **Behandling:**

Ingen merknader, samrøystes.

#### **RMNF- 028/23 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

### **029/23: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 18.09.2023:**

#### **Behandling:**

Møteprotokoll frå møte 05.06.2023 vert godkjent, samrøystes.

#### **RMNF- 029/23 Vedtak:**

Møteprotokoll frå møte 05.06.2023 vart godkjent.

### **030/23: Offentleg ettersyn og høyring - Detaljregulering for Manger**

Skriv framlegg her:

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 18.09.2023:**

#### **Behandling:**

#### **Fellesframlegg v/Magne Bjørndal:**

Det er ikkje godt nok at berre bustadane på bakkeplan er universelt tilgjengelege. Når prosjektet vert vidareført, må det leggjast slik tilrette at det relativt enkelt kan lagast trinnfri tilkomst og livsløpsstandard, også for bueingane i andre høgda.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **RMNF- 030/23 Vedtak:**

Det er ikkje godt nok at berre bustadane på bakkeplan er universelt tilgjengelege. Når prosjektet vert vidareført, må det leggjast slik tilrette at det relativt enkelt kan lagast trinnfri tilkomst og livsløpsstandard, også for bueingane i andre høgda.

### **Ungdomsråd 18.09.2023:**

#### **Behandling:**

#### **UR- 025/23 Vedtak:**

Ungdomsrådet tek saka til orientering  
Samrøystes

## **031/23: Tenesteanalyse for personer med utviklingshemming**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utval helse og omsorg tek «Tenesteanalyse for tenester til personar med utviklingshemming i Alver kommune 2022-2023» til orientering.

Utvalet vurderer at handlingsplan 2023 – 2024 kombinert med utviklingsplan er tenlege bidrag til å drive forbetningsarbeid for målgruppa på kort og lengre sikt.

Utvalet ber om orientering om framdrift forbetningsarbeid saman med prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift.

## **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 18.09.2023:**

### **Behandling:**

### **Fellesframlegg v/Magne Bjørndal:**

Rådet takkar for arbeidet som er lagt ned, og støttar retninga vedtaket legg opp til. Vi er samstundes bekymra for tempoet når det gjeld dei som i dag ventar eksempelvis på bustad og arbeid/aktivitet. Vi forventar at dette kjem til uttrykk i arbeidet med økonomiplanen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **RMNF- 031/23 Vedtak:**

Rådet takkar for arbeidet som er lagt ned, og støttar retninga vedtaket legg opp til. Vi er samstundes bekymra for tempoet når det gjeld dei som i dag ventar eksempelvis på bustad og arbeid/aktivitet. Vi forventar at dette kjem til uttrykk i arbeidet med økonomiplanen.

## **Ungdomsråd 18.09.2023:**

### **Behandling:**

### **UR- 026/23 Vedtak:**

Ungdomsrådet tek saka til orientering

Samrøystes

## **032/23: Utleigebustader med tilvisingsavtale i Alver kommune**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner at kommunedirektøren nytter Husbanken sitt verkemiddel om utleigebustader med tilvisingsavtale med følgende føringar:

1. Kommunedirektøren utlyser trepartssamarbeid med tilvisingsavtale med til ei kvar tid 40 % tilvisingsrett av eit samla volum med 250 bueiningar i perioden 2024-2027.
2. Kommunedirektøren kan i einskilde prosjekt vurdere å nytte tilvisingsavtale med tildelingsrett 100% av bustadane.
3. Lokalisering av prosjekta skal ivareta senterstruktur med region og lokalsenter, om enn med størst volum i regionsenter Knarvik og lokalsenter Frekhaug.
4. Om det er trong for kommunal personalbase nær eller med bustadprosjekta kan kommunen vurdere leige eller kjøp.
5. Ved kjøp vil ein kunne nytte finansiering jamfør kommunestyre sak 047/23. Renter og avdrag vert tatt med i rullering av handlings- og økonomiplan 2024-2027.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 18.09.2023:**

#### **Behandling:**

#### **Fellesframlegg v/Magne Bjørndal:**

Rådet støttar framlegget, og bed om at kommunestyret ser positivt på det.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **RMNF- 032/23 Vedtak:**

Rådet støttar framlegget, og bed om at kommunestyret ser positivt på det.

### **Ungdomsråd 18.09.2023:**

#### **Behandling:**

#### **UR- 027/23 Vedtak:**

Ungdomsrådet tek saka til orientering  
Samrøystes

### **033/23: Meldingar / orienteringar til RMNF - 18.09.2023**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 18.09.2023:**

#### **Behandling:**

Orientering 1-3 vart gjevne i felles orienteringsmøte med ER/RMNF

1. Ingrid Raniseth-rådgjevar Plan og byggesak orienterte om detaljregulerig for Manger.
2. Eva Mikkelsen-rådgjevar Helse og omsorg adm. orienterte om tenesteanalyse for personar med utviklingshemming.
3. Helge Kvam- avd.leiar Helse adm. orienterte om utleigebustader med tilvisningsavtale i Alver kommune.

Ingen merknader, orienteringane vart tekne til orientering.

4. Trond Engelsen--ingeniør bygg, areal og grønt og Leni Dale-kommunalsjef helse og omsorg orienterte om tomteval for bufellesskap - omsorgsbustadar pluss.

**Merknad v/Magne Bjørndal:** Rådet takkar for orienteringa, og bed om at Norsk forbund for utviklingshemma peikar ut ein representant til prosjektgruppa. Når tomtevalet vert meir avklart, må rådet få høve til å peika ut representant til referansegruppa.

5. Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg orienterte om sakshandsamingstid i forhold til Helse og omsorgssaker.

Meldingar vart samrøystes teke til orientering, med merknad lagt fram i møte.

**RMNF- 033/23 Vedtak:**

Meldingar vart tekne til orientering.

### **034/23: Eventuelt**

#### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 18.09.2023:**

##### **Behandling:**

##### **Fellesframlegg v/Magne Bjørndal:**

1. Når rådet no avsluttar perioden sin, bed vi om at dei som arbeider med kommuneplanen sin arealdel tek på alvor at det må stillast spesifikke og strenge krav til universiell utforming og livsløpsstandard i nye bustader. Ein bør tilstreba at alle bueiningar har trinnfri tilkomst. Dette kravet bør minst gjelda 70% av einingane. Dette er m.a. viktig av omsyn til det uttalte ønsket om at alle skal kunna bu heime lengst mogeleg.
2. Rådet minner om at det nye rådet bør få opplæring saman med kommunestyret og andre folkevalde.
3. Ein bed om at det nye rådet tidleg får ei statusoppdatering spesielt om universiell utforming av kyrkjebygg, og utforming av bommar på gang- og sykkelveggar.

Framlegget vart samrøstes vedteke.

##### **RMNF- 034/23 Vedtak:**

1. Når rådet no avsluttar perioden sin, bed vi om at dei som arbeider med kommuneplanen sin arealdel tek på alvor at det må stillast spesifikke og strenge krav til universiell utforming og livsløpsstandard i nye bustader. Ein bør tilstreba at alle bueiningar har trinnfri tilkomst. Dette kravet bør minst gjelda 70% av einingane. Dette er m.a. viktig av omsyn til det uttalte ønsket om at alle skal kunna bu heime lengst mogeleg.
2. Rådet minner om at det nye rådet bør få opplæring saman med kommunestyret og andre folkevalde.
3. Ein bed om at det nye rådet tidleg får ei statusoppdatering spesielt om universiell utforming av kyrkjebygg, og utforming av bommar på gang- og sykkelveggar.